



Siv. ing. **Vidar Mjøs**

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN

Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57

vidar-mj@online.no

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

29. september 2014

**Gnr. 26 bnr. 10.  
Innspel til kommuneplanen.**

---

Eigar av 20/10, Tom Neumann, ønskjer at det i samband med revisjon av kommuneplanen vert vurdert om kommunen bør ta initiativ til utarbeiding av ein områdeplan for større deler av areala i dette området som er avsette til byggjeføremål bustad i gjeldande kommuneplan.

Som det framgår av vedlagte kart med planskisse, vil ein samleveg over bnr. 10 kunna vidareførast nordover og nedover mot sjøen og leggja til rette for utbygging av andre eigedomar i området med oppgradert standard på vegar og tekniske anlegg.

Høgaste punkt på eksisterande veg ned til sjøen er ca. kote 45, og vegen er svært bratt på enkelte parti aust for åsryggen.

På vegen over bnr. 10 vil høgaste punkt koma på ca. kote 35 (om lag 10 meter lågare).

I eit samansett område som dette, som er delvis utbygd og sterkt oppdelt eigarmessig, er det vanskeleg å finna gode heilskapsløysingar gjennom private detaljplanar for mindre område.

Planarbeidet bør derfor truleg formelt handterast som ein (offentleg) områdeplan.

Dette treng ikkje vera til hinder for at private aktørar bidreg med praktisk arbeid knytta til framstilling av plandokument (plankart mv.).

Vedlegg      *kart med planskisse*

Kopi .      Tom Neumann    [tomneumann59@gmail.com](mailto:tomneumann59@gmail.com)